



Arkivnr: 2015/11453-187  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Styret for Fagskolen i Hordaland		10.05.2019

### Søknad om å bli medlem i Sammen

#### Samandrag

Styret for Fagskolen i Hordaland handsama 22.03.2019 melding RS 10/2019 om medlemskap i studentsamskipnaden Sammen. Fagskolen har utarbeidd søknad (vedlegg 1) om medlemskap som vil verte handsama av styret for samskipnaden 03.06.2019. Eit kostnadsoverslag med bakgrunn i studenttalet hausten 2018 syner ei årleg utgift for fagskolen på kr. 497 040,-, i tillegg til kostnader for tilsette som ønskjer å nytte treningstilbodet ved Sammen (kr 3 788,- årleg pr. tilsett).

#### Forslag til vedtak

Styret for Fagskolen i Hordaland sender søknad om medlemskap til studentsamskipnaden på Vestlandet, Sammen, slik det kjem fram av saka.

Bjørn Lyngedal  
fylkesdirektør opplæring  
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg  
1 Søknad Sammen mai 2019

**Fylkesrådmannen, 23.04.2019**

Styret for Fagskolen i Hordaland handsama 22.03.2019 melding RS 10/2019 om medlemskap i studentsamskipnaden Sammen. Fagskolen har utarbeidd søknad (vedlegg 1) om medlemskap som vil verte handsama av styret for samskipnaden 03.06.2019.

Jf. melding RS 10/2019 betalar alle institusjonane som er medlem i studentsamskipnaden på Vestlandet ein fast sum pr. student som dekkjer administrasjon, trening, tilgang til helsetenester m.m. For Fagskolen i Hordaland vil denne summen vere om lag kr. 540,- pr. student pr. år, og av desse vil om lag kr. 330,- dekkje kostnader til trening.

Kostnader til trening vil ikkje gjelde for studentar som er knytt til ein studiestad som ikkje har treningstilbod (t.d. Austevoll og Voss). Studentane må sjølv betale ei semesteravgift på kr. 550,- til studentsamskipnaden 2 gonger i året. Fagskolen vil ha ansvar for å fakturere studentane og deretter overføre summen til Sammen. Studentane som studerer ved ein studiestad som ikkje har tilbod frå Sammen vil gjennom studentrådet få refundert ein del av semesteravgifta som kan nyttast til velferdstiltak ved studiestaden. Tilsette ved Fagskolen i Hordaland får same tilbod om trening som tilsette ved andre institusjonar viss fagskolen dekkjer meirkostnaden mellom fullpris og tilsettpreis (meirkostnaden er kr 3 788,- årleg pr. tilsett). Fagskolen søkjer også om tilbod for dei tilsette.

Kostnadsoverslag

På bakgrunn av studenttalet hausten 2018 vert kostnaden for medlemskap for studentane berekna som følgjer:

	<b>Studenttal og pris</b>	<b>Kostnad</b>
Studentar med treningstilbod	1049 x 540	472 050,-
Studentar utan treningstilbod	119 x 210	24 990,-
<b>Totalt</b>		<b>497 040,-</b>

Kostnadene vil variere frå år til år avhengig av tal på studentar ved fagskolen på teljetidspunktet. I tillegg kjem kostnadene for dei tilsette ved fagskolen som ønskjer å nytte seg av tilbodet om trening ved Sammen sine treningssentre. Det er noko uvisse kring kor mange tilsette som vil nytte seg av tilbodet og kor høge kostnadene vil bli. Administrasjonen vil derfor tilrå at ein startar opp med eit tilbod for tilsette og kan vurdere kostnadene og avtalen på nytt på eit seinare tidspunkt.